

02.07.2019

Olje- og energidepartementet

Høringsnotat

Forslag til forskrift om fornybar energiproduksjon til havs

Forslag til opning av område etter havenergilova

Innhald

1. Innleiing.....	3	Vedlegg I.....	18
2. Bakgrunn.....	3	Forslag til forskrift til lov om fornybar energiproduksjon til havs	18
2.1. Kunnskapsgrunnlaget		Kapittel 1 – Innleiande føresegner	18
2.2. Utpeiking av utgreiingsområde		§ 1. Verkeområde	
2.3. Strategisk konsekvensutgreiing		§ 2. Definisjonar	
2.4. Høyring 2013		Kapittel 2 – Melding, prosjektspesifikk konsekvensutgreiing, konsesjon og detaljplan	19
2.5. NVE si vurdering i 2018		§ 3. Melding med framlegg til prosjektspesifikt utgreiingsprogram	
3. Departementet sitt forslag til opning av område	5	§ 4. Utgreiingsprogram	
3.1. Utsira Nord		§ 5. Handsamingsgebyr	
3.2. Sandskallen-Sørøya Nord		§ 6. Innhaldet i prosjektspesifikk konsekvensutgreiing	
3.3. Sørlige Nordsjø II		§ 7. Søknad om konsesjon	
4. Interesser og omsyn i områda.....	8	§ 8. Vedtak om konsesjon for energianlegg	
4.1. Petroleumsverksemd		§ 9. Søknad om godkjenning av detaljplan	
4.2. Særleg verdifulle område		§ 10. Vedtak om godkjenning av detaljplan for utbygging og drift av energianlegg	
4.3. Øvings- og skytefelt		§ 11. Forlenging av fristar	
4.4. Fiskeri		§ 12. Demonstrasjonsprosjekt	
4.5. Skipstrafikk		Kapittel 3 – Erstatning til fiskarar	22
4.6. Opning av fleire område		§ 13. Nemnd for handsaming av krav	
5. Forskrift til havenergilova	11	§ 14. Klagenemnd	
6. Verkeområdet til havenergilova..	11	§ 15. Oppnemning av nemnd og klagenemnd	
6.1. Arealforvalting		§ 16. Bevisvurdering ved solidaransvar	
6.2. Demonstrasjonsprosjekt		§ 17. Framsetjing av krav	
7. Konsesjonsprosessen	12	§ 18. Sekretariat	
7.1. Melding med framlegg til prosjektspesifikk konsekvensutgreiing, konsesjonssøknad og detaljplan		Kapittel 4 – Ymse føresegner	23
7.2. Handsamingsgebyr		§ 19. Vilkår	
8. Tilknytning til nettet	14	§ 20. Meteorologiske data	
9. Tilhøvet til anna regelverk og internasjonale avtalar	15	§ 21. Kontroll	
9.1. Pant		§ 22. Tvangsmulkt	
9.2. Tryggleik, mv.		§ 23. Tilbaketrekking	
9.3. Espoo		Kapittel 5 – Ikraftsetjing.....	24
9.4. OSPAR		Vedlegg II – NVE si strategiske konsekvensutgreiing	25
10. Økonomiske og administrative konsekvensar	16	Vedlegg III – NVE si vurdering frå 2018.....	25
11. Om høyringa og vidare arbeid....	17	Vedlegg IV – Kart.....	26
11.1. Vidare arbeid			

1. Innleiing

Lov av 4. oktober 2010 nr. 21 om fornybar energiproduksjon til havs (havenergilova) sette rammene for utnytting av fornybare energiressursar til havs. Eit viktig føremål med lova var å fastsetje rammene for eventuelle utbyggingar i god tid før det vert aktuelt, og å ha kontroll med arealdisponeringa til havs.

Havenergilova fastset at fornybar energiproduksjon til havs utanfor grunnlinjene, som hovudregel berre kan skje etter at staten har opna område for søknadar om konsesjon. Før område kan opnast skal det utarbeidast strategiske konsekvensutgreiingar. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har gjort strategiske konsekvensutgreiingar i samsvar med havenergilova sine føresetnadar for 15 havområde¹.

Som ei oppfølging av regjeringa sin strategi for flytande vindkraft i Prop. 1 S (2017-2018) har Olje- og energidepartementet arbeidd for å opne eitt til to område for fornybar energiproduksjon til havs.

Det er allereie muleg å søke konsesjon for fornybare energiprojekt til havs, dersom det dreiar seg om demonstrasjonsprosjekt eller anlegg kopla til petroleumsinstallasjonar. Sjå omtale i kap. 6.2. Ei opning av område inneber at det vert muleg å søke konsesjon til storskala prosjekt, og det er difor naturleg no å klargjere regelverket i form av ei forskrift til havenergilova.

I dette høyringsnotatet vert det gjort greie for kva område departementet føreslår å opne for konsesjonssøknadar, og det vert lagt fram eit utkast til forskrift til havenergilova.

2. Bakgrunn

2.1. Kunnskapsgrunnlaget

Utgangspunktet for departementet sitt arbeid med opning av område har vore NVE si strategiske konsekvensutgreiing frå 2012, som er lagt ved som vedlegg II til dette høyringsnotatet.

NVE gjorde på oppdrag frå departementet i 2018 ei vurdering av om sentrale tilhøve er vesentleg endra etter at den strategiske konsekvensutgreiinga vart utarbeidd i 2012. I tillegg har NVE gjeve ei tilråding om kva for område som bør opnast no.

2.2. Utpeiking av utgreiingsområde

NVE si strategiske konsekvensutgreiing bygger på rapporten *Havvind – forslag til utredningsområder*, som vart utarbeida av ei direktoratsgruppe og overlevert departementet i oktober 2010. I direktoratsgruppa deltok NVE som leia arbeidet, Direktoratet for naturforvaltning, Fiskeridirektoratet, Kystverket og Oljedirektoratet.

Rapporten føreslo 15 område og inneheldt eit utkast til planprogram for ei strategisk konsekvensutgreiing.

I arbeidet med å finne eigna område, tok direktoratsgruppa utgangspunkt i teknisk-økonomiske tilhøve, særleg havdjupe og mulegheiter for tilkopling til kraftsystemet. Direktoratets gruppa kom fram til dei 15 føreslegne utgreiingsområda ved å ta omsyn også til

¹ Havvind, Strategisk konsekvensutredning, NVE-rapport 47-12, Vedlegg II til dette notatet.

andre arealbruks- og miljøinteresser. Geografiske informasjonssystem (GIS) var eit viktig verkty i arbeidet.

Rapporten var på høyring, og basert på rapporten og høyringa gav departementet i brev av 5. juli 2011 NVE i oppdrag å gjere ei strategisk konsekvensutgreiing av dei 15 områda.

2.3. Strategisk konsekvensutgreiing

NVE leverte den strategiske konsekvensutgreiinga til departementet i desember 2012 (Vedlegg II). Vurderingane vart bygd på 13 fagrapportar innan miljø, nærings- og samfunnsinteresser og teknisk-økonomiske tilhøve.

I arbeidet støtta NVE seg på ei referansegruppe med representantar for Direktoratet for naturforvaltning, Oljedirektoratet, Kystverket og Fiskeridirektoratet. I tillegg henta NVE innspel frå Avinor, Forsvarsbygg og Meteorologisk institutt.

Utgreiinga sorterer dei 15 områda i tre grupper, ei gruppe som bør opnast fyrst, ei gruppe som kan opnast på sikt og ei gruppe som ikkje bør opnast. NVE meinte fem område burde opnast fyrst: Sørlege Nordsjø I, Sørlege Nordsjø II, Utsira Nord, Frøyagrunnene og Sandskallen-Sørøya Nord.

2.4. Høyring 2013

NVE si strategiske konsekvensutgreiing vart lagt ut på høyring av departementet i 2013. Det kom inn 63 høyringssvar. Høyringssvara frå den gong er ikkje summerte opp her, men ligg tilgjengelege på regjeringa sine nettsider².

Fordi det har gått meir enn seks år sidan høyringa i 2013, og fordi saka no er på høyring att, tek ikkje departementet stilling til høyringsuttalane no. Nokre relevante innspel som kom fram under høyringa i 2013 er likevel omtala under punkt 4.

2.5. NVE si vurdering i 2018

På oppdrag frå departementet gjorde NVE i 2018 ei vurdering³ av om vesentlege tilhøve hadde endra seg sidan framstillinga av den strategiske konsekvensutgreiinga frå 2012, og om ny eller endra informasjon gav grunnlag for å endre rangeringa av områda. NVE gav også ei tilråding om kva for område som bør opnast.

Som del av arbeidet med oppdraget i 2018, henta NVE inn synspunkt frå relevante offentlege etatar: Fiskeridirektoratet, Oljedirektoratet, Kystverket, Miljødirektoratet, Havforskningsinstituttet, Forsvarsbygg, Luftfartstilsynet, Meteorologisk institutt og Avinor.

NVE meinte at ingen vesentlege endringar i kunnskapsgrunnlaget gav grunn til å endre etaten si tilråding frå 2012.

Dersom det skal opnast to område rådde NVE til å opne Utsira Nord og Sørlege Nordsjø I eller Sørlege Nordsjø II. Frøyagrunnane vart vurdert som mindre aktuelt, mellom anna av di det er vesentleg mindre enn dei tre områda som vart tilrådd, og dermed har mindre potensial

² <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing---havvind---strategisk-konsekvens/id711151/>

³ <https://www.regjeringen.no/contentassets/856bdd85577c4084bb9dd415e6e45483/svar-pa-oppdrag-om-apning-av-omrader-for-vindkraft-til-havs.pdf>

for tilpassing til andre interesser. Sandskallen-Sørøya Nord vart også vurdert som mindre aktuelt, grunna flaskehalsar i kraftnettet.

NVE si vurdering frå 2018 er lagt ved denne høyringa (Vedlegg III).

3. Departementet sitt forslag til opning av område

Departementet føreslår å opne områda Utsira Nord og Sandskallen-Sørøya Nord. I tillegg ønsker departementet innspel på området Sørlege Nordsjø II.

I vurderinga har departementet lagt vekt på at det bør opnast område som gjer det muleg å fremje prosjekt med både flytande og botnfast teknologi. Departementet har også prioritert område som eignar seg for kommersielle prosjekt.

Departementet har lagt vekt på at områda som vert føreslått opna, er fleksible og har godt potensial for tilpassing av konkrete prosjekt. Departementet meiner det ikkje er aktuelt å avgrensa områda av omsyn til einiskilde interesser, fordi det vil redusere fleksibiliteten og høvet til å ta omsyn til fleire interesser i konsesjonsprosessen. Dersom ein skulle justert grensene for områda ville det vere naturleg at det vart gjort gjennom ei ny overordna utpeiking av område med påfølgande strategisk konsekvensutgreiing. Likevel vil departementet gjere grundige vurderingar av synspunkt og informasjon som kjem fram i høyringa, mellom anna om fiskeri, forsvar og samferdsle, og gjere ei samla vurdering av områda og eventuelle relevante føringar som kan setjast for seinare konsesjonshandsaming.

Prosjektspesifikke konsekvensutgreiingar og ein konsesjonsprosess med høyringar vil slik departementet ser det sikre at ulike omsyn vert sette og vurderte opp mot kvarandre før det eventuelt vert gjeve løyve til å bygge ut energianlegg i dei føreslegne områda.

3.1. Utsira Nord

Området Utsira Nord ligg vest av Haugalandet, og strekker seg i retning nord-sør frå Bømlafjorden til Boknafjorden. Gjennomsnittsdjupna i området er 267 meter, og dette området eignar seg berre til flytande vindkraftteknologi.

NVE har lagt til grunn at området i dag kan byggast ut med mellom 500 og 1500 MW, basert på ei vurdering av kor stor produksjon som kan knytast til kraftnettet på land i Noreg. Utbygging med dette omfanget vil krevje at ein tek i bruk mellom seks og 19 prosent av arealet. Med utviklinga i strømbuiken på land og eventuell auka kapasitet i kraftnettet vil det vere muleg å sjå for seg meir enn 1500 MW vindkraft innanfor Utsira Nord.

I og med at området ligg nokså nært land, er det muleg å bygge ut dette med vekselsstraumkabel til land. Det er gode vindtilhøve i området, og i den strategiske konsekvensutgreiinga er det lagt til grunn ein effektfaktor på 47-48 prosent som svarar til ei brukstid på om lag 4300 timar. Nærleiken til land legg også til rette for låge driftskostnader.

Ei utbygging i Utsira Nord vil vere synleg frå land. Det er også tett skipstrafikk i området, med alle typar fartøy. Utsira Nord er opna for petroleumsverksemd, men det har til no ikkje vore petroleumsverksemd og det er ikkje kartlagd leitemodellar eller prospekt i området. Det kan ikkje utelukkast at det er mulegheiter for petroleumsførekomstar i området, men ressurspotensialet for petroleum er med dagens kunnskap vurdert som lågt.

Utsira Nord er definert ved fire punkt⁴:

⁴ Geodetisk datum: WGS 84

4° 16' 09" E, 59° 26' 53" N

4° 40' 25" E, 59° 28' 56" N

4° 24' 27" E, 59° 04' 10" N

4° 48' 44" E, 59° 06' 18" N

Området er på 1010 km², og ligg om lag 22 kilometer frå kysten (Utsira). Heile området ligg utanfor grunnlinja.

3.2. Sandskallen-Sørøya Nord

Området Sandskallen-Sørøya Nord ligg i Barentshavet nordvest av Hammerfest. Gjennomsnittsdjupna i området er 89 meter, men variasjonen i djupna er slik at området kan eigne seg for både botnfast og flytande teknologi.

I den strategiske konsekvensutgreiinga frå 2012 var dette området mellom dei fem NVE meinte burde opnast fyrst. NVE har lagt til grunn at området i dag kan byggast ut med mellom 100 og 300 MW, basert på ei vurdering av kor stor produksjon som kan knytast til kraftnettet på land. Ei utbygging med dette omfanget vil krevje at ein tek i bruk mellom fem og 15 prosent av arealet.

I og med at dette området ligg nokså nært land, er det muleg å bygge ut dette med vekselstraumkablar til land. Vindtilhøva i området er ikkje av dei beste samanlikna med dei andre utgreiingsområda, men nærleiken til land legg til rette for låge drifts- og investeringskostnader. Det er estimert ein effektfaktor på om lag 40 prosent, som svarar til ei brukstid på 3500 timer per år.

Sandskallen-Sørøya Nord er ikkje av dei områda NVE føreslo å opne i si vurdering i 2018. Det er i hovudsak grunna begrensa nettkapasitet. I samband med arbeidet med nasjonal ramme for vindkraft føreslo NVE i 2019 eit område på land i nærleiken av Sandskallen-Sørøya Nord som eitt av dei mest eigna områda for vindkraft på land. Her skriv NVE m.a. om nettsituasjonen i Finnmark:

"Nettkapasitet kan imidlertid på lang sikt bli en mindre begrensning på grunn av mulighetene for økt kraftforbruk og nye kraftledninger, eller alternative løsninger som ikke krever mye nettkapasitet."

Departementet sluttar seg til NVE sine vurderingar i samband med nasjonal ramme, og legg vekt på at området legg til rette for utbygging av botnfast vindkraft mykje nærare land enn områda i sørlege Nordsjø. Området kan også byggjast ut med vekselstraumstilkopling. Nærleiken til land gjer det muleg med mindre utbyggingar, til dømes demonstrasjonsprosjekt.

Ei utbygging i Sandskallen-Sørøya Nord vil vere synleg frå land. Området grensar til Lophavet verneområde. Det er kartlagd leitemodellar for petroleum i området. Ressurspotensialet for petroleum er vurdert som svært lågt, men det kan ikkje utelukkast at det finst petroleumsførekomstar i området.

Sandskallen-Sørøya Nord er definert ved fire punkt:

22° 12' 01" E, 70° 55' 10" N

22° 42' 35" E, 71° 02' 44" N

22° 54' 03" E, 70° 57' 36" N

22° 22' 34" E, 70° 50' 37" N

Området er på 260 km², og ligg om lag 14 kilometer frå kysten (Sørøya). Heile området ligg utanfor grunnlinja.

3.3. Sørlege Nordsjø II

Basert på den strategiske konsekvensutgreiinga og NVE si vurdering frå 2018, kan det sjå ut til at Sørlege Nordsjø I og Sørlege Nordsjø II har nokså like karakteristika og nokolunde dei same potensielle verknadane for miljø, næringsaktivitet og andre interesser.

Det er kjende kulturminne i Sørlege Nordsjø II. Sørlege Nordsjø I har noko lågare potensial for konflikt med skipsfart og lågare miljørisiko enn Sørlege Nordsjø II.

Sørlege Nordsjø II er det området som ligg nærast det europeiske kraftsystemet med tanke på muleg tilknytning til dette. Vidare er Sørlege Nordsjø II det klart største området, noko som gjev betre føresetnadar for tilpassing til andre interesser. Sørlege Nordsjø II er i dag i mindre grad dekkja av tildelte utvinningsløyve etter petroleumslova enn Sørlege Nordsjø I.

Departementet ønsker innspel på ei muleg opning av området Sørlege Nordsjø II.

Det kjem fram i den strategiske konsekvensutgreiinga at av dei 15 utgreiingsområda er Sørlege Nordsjø I og Sørlege Nordsjø II mest interessante for petroleumsnæringa. Begge områda ligg i mogne petroleumsområde med godt utbygd infrastruktur. Delar av utgreiingsområda overlappar med tildelte areal (utvinningsløyve). Det er kartlagd fleire prospekt og prospektmulegheiter her, og fleire leitemodellar på ulike nivå.

Departementet ønsker difor å sjå innspela frå høyringa før det vert teke endeleg stilling i spørsmålet om opning av Sørlege Nordsjø II. Departementet vil også gjere ei nærare vurdering av juridiske og praktiske problemstillingar som kan oppstå dersom vindkraftanlegg skal etablerast i område med petroleumsverksemd..

Sørlege Nordsjø II ligg på Smalbanken sørvest av det norske fastlandet, og aust for dei store olje- og gassfelt i den sørvestlege delen av Nordsjøen. Området grensar mot dansk økonomisk sone i sør.

Gjennomsnittsdjupna i området er 60 meter, med ein variasjon mellom 53 og 70 meter. Området er med det eigna for botnfast teknologi. Det finst konsept for flytande vindkraft som gjer at området kan vere aktuelt også for denne teknologien.

NVE har i den strategiske konsekvensutgreiinga lagt til grunn at området i dag kan byggast ut med mellom 1000 og 2000 MW, basert på ei vurdering av kor stor produksjon som kan knytast til kraftnettet på land i Noreg, men også med tanke på eksport av produksjonen. Utbygging med dette omfanget vil krevje at ein tek i bruk mellom seks og ti prosent av arealet.

Det er gode vindtilhøve i området, og det er estimert ein effektfaktor på om lag 50 prosent, som svarar til ei brukstid på rundt 4400 timar.

I og med at dette området ligg langt frå land, er det berre aktuelt å kople eventuelle utbyggingar til kraftnettet på land med likestraumskabel. Den store avstanden gjer også at det er lite aktuelt med små utbyggingar her.

Sørlege Nordsjø II er definert ved fem punkt:

4° 20' 48" E, 56° 49' 24" N

5° 10' 05" E, 57° 05' 36" N

5° 29' 51" E, 56° 44' 17" N

5° 02' 01" E, 56° 35' 30" N

4° 38' 29" E, 56° 29' 02" N

Området er på 2591 km², og ligg om lag 140 kilometer frå kysten. Heile området ligg utanfor grunnlinja.

4. Interesser og omsyn i områda

Høyringssvara som kom inn i departementet si høyring av NVE si strategiske konsekvensutgreiing i 2013 og innspela som kom i departementet sitt innspelsmøte 20. juni 2018, viser at det er mange interesser i havrommet. Fordi det har gått lang tid sidan høyringa har ikkje departementet drøfta høyringsinnspela her, men vil ta opp nokre innspel og moment som er særleg relevante for dei tre områda omtala i høyringsnotatet.

4.1. Petroleumsverksemd

Olje og gass er stadbundne ressursar, men ein veit ikkje nøyaktig kor dei er før ressursane er påviste gjennom leiting. I område som kan innehalde olje og gass vil det alltid vere ei viss usikkerheit om og kor store ressursar som er til stades innanfor eit areal. Etablering av vindkraft til havs vil medføre eit fysisk arealbeslag som påverkar mulegheitene for å utnytte dei undersjøiske ressursane av olje og gass som eventuelt er i området. Av den strategiske konsekvensutgreiinga framgår det mellom anna at havbotn som dekt av eit vindkraftverk eller andre marine installasjonar, ikkje kan nyttast til petroleumsverksemd så lenge installasjonane er der. Vidare at når eit vindkraftverk er etablert, vil også kartlegging av petroleumsførekomstar innanfor det same området vere vanskeleg.

I område som er opne for petroleumsverksemd vert areal tildelt gjennom utvinningsløyve basert på søknadar frå oljeselskap. Selskapa som ønsker tilgang på areal søker om utvinningsløyve som gjev dei eksklusiv rett til å drive petroleumsverksemd innanfor det tildelte området.

Dersom det vert gjort eit drivverdig funn i eit utvinningsløyve, vert det aktuelle området bygd ut for petroleumsutvinning. Vert det ikkje gjort funn, eller det vert avgjort at området ikkje er lovande nok til at selskapa no ønsker å vidareføre leiteaktivitet, vert utvinningsløyvet levert attende. Det same området vert tildelt på nytt og kartlagd fleire gongar når oljeselskapa ser andre/nye mulegheiter for å påvise lønsame ressursar i eit areal. Av den strategiske konsekvensutgreiinga framgår det at nye leitemodellar, ny geologisk innsikt og teknologiutvikling kan føre til at olje og gass vert påvist i utvinningsløyve som andre har forlate. Eit døme på dette er Johan Sverdrup-feltet. Dette området vart tildelt for fyrste gong i fyrste konsesjonsrunde i 1965, arealet vart utforska i fleire omgangar, men feltet vart ikkje påvist før i 2010.

Det følgjer av petroleumslova at innretningar som vert plasserte i område som er omfatta av eit utvinningsløyve ikkje må valde urimeleg ulempe for dei som har eit utvinningsløyve.

Sørlige Nordsjø II ligg i kvadrant 3,4, 9 og 10 i petroleumsforvaltinga sitt system. Dette er ein mogen petroleumsprovins med godt utbygd infrastruktur og god dekning på seismiske data. Området har i dag noko overlapp med eitt utvinningsløyve etter petroleumslova, der Equinor Energy AS har operatørskapen og Faroe Petroleum Norge AS tek del i lisensen.

Utvinningsløyve 908 har fastsett eit arbeidsprogram der det skal samlast inn 2D-seismikk, gjerast prøveboringar og takast ei avgjerd om å gå vidare med tanke på kommersiell utvinning av petroleum innan 2025.

Dersom det skal opnast for vindkraftanlegg i område med petroleumsverksemd reiser det fleire spørsmål. Som nemnd ovanfor i pkt. 3.3 ser departementet trong for å gjere ei nærare vurdering av juridiske og praktiske problemstillingar som kan oppstå.

4.2. Særleg verdifulle område

I forvaltningsplanen for Nordsjøen og Skagerrak (Meld. St. 37 (2012-2013)) er det areal innanfor dei aktuelle områda som har status som særleg verdifulle område. Desse områda er viktige for biologisk produksjon og for det biologiske mangfaldet.

Utsira Nord overlappar i betydeleg grad med Karmøyfeltet som har fått status som særleg verdifullt grunna høg biologisk produksjon. Det er mellom anna gyteområde for norsk vårgytande sild. Området er også viktig grunna store førekomstar av reke. Utsira Nord ligg også i stor grad i Kystsonen, som strekker seg langs kysten frå grunnlinja og 25 km ut i havet. Kystsona vert omtala i forvaltningsplanen som generelt verdifull.

Sandskallen-Sørøya Nord ligg innanfor Tromsøflaket, som er definert som eit særleg verdifullt og sårbart område grunna eit rikt naturmangfald. Vidare grensar området til det føreslåtte Lopphavet marine verneområde.

Sørlige Nordsjø II overlappar i nokon grad med område som har fått status som særleg verdifulle som leve- og gyteområde for tobis.

At eit areal har fått status som særleg verdifullt inneber ikkje at det er eit verneområde som ekskluderer annan aktivitet, men signaliserer at det er viktig å vise særleg aktsemd i desse områda. Korleis det skal takast omsyn til miljøverdiane som har gjeve opphav til utpeikinga må vurderast konkret, og gjennom dei prosjektspesifikke konsekvensutgreiingane vil naturverdiar (inkludert havbotn) verte kartlagt for å sikre tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for god lokalisering og førebygge konflikt med viktige naturverdiar som m.a. leveområda for tobis og sjøfugl. Vilkår for å redusere eller unngå konflikhtar kan verte aktuelt. Departementet legg til grunn at konkrete vurderingar gjerast som del av konsesjonshandsaminga og ved godkjenning av detaljplan.

4.3. Øvings- og skytefelt

Utsira Nord overlappar i nord til dels med øvingsfelt END253 Utsira (Luftforsvaret). I NVE si strategiske konsekvensutgreiing er denne arealkonflikten vurdert slik at ei realisering av vindkraftprosjekt i Utsira Nord ikkje vil redusere funksjonen til Forsvaret sin infrastruktur.

Forsvarsbygg skriv i si fråsegn i høyringa av den strategiske konsekvensutgreiinga at øvingsfeltet kan flyttast, men at feltet ikkje kan leggjast ned før eit nytt øvingsfelt er etablert.

Departementet legg til grunn at ein sameksistens mellom vindkraft til havs og Forsvaret sine aktivitetar i øvingsfelt ikkje er muleg, og at det dermed ikkje er aktuelt å gje konsesjon i den delen av Utsira Nord som overlappar med END 253.

Forsvarsdepartementet har sett i gang eit arbeid med å vurdere sine øvings- og skytefelt til sjøs. Ein kan ikkje sjå bort frå at END 253 kan få endra grenser eller funksjon, verte lagt ned eller flytt som følgje av dette arbeidet, og difor opprettheld departementet likevel dei grensene som vart trekt opp i den strategiske konsekvensutgreiinga for Utsira Nord.

4.4. Fiskeri

Omsynet til fiskeri har vore sentralt i arbeidet med identifikasjon av område og strategisk konsekvensutgreiing, og det vil også vere eit viktig omsyn i konsesjonshandsaminga.

Ei utbygging av vindkraft til havs vil bandlegge areal til havs. Sjølv om ein kan tenke seg at det vil vere muleg å drive nokre typar fiske inne i ein vindpark til havs, vil ein vindpark truleg føre med seg vesentlege hinder for fiske. I den grad det vil vere muleg vil det vere mindre fart og passiv reiskap som mest truleg vil kunne tillatast.

Fiskeri var eit viktig tema i høyringssvara frå høyringa av den strategiske konsekvensutgreiinga i 2013. Fiskebåtredernes forbund gjekk mot at Utsira Nord vert opna for fornybar energiproduksjon. Grunngevinga var omsynet til reke- og krepsefiske. Fiskeridepartementet meinte også at omsynet til fiske tilsa at området Utsira Nord burde flyttast mot nordaust og meinte at Sandskallen-Sørøya Nord ikkje burde opnast. Finnmark Fylkeskommune gjekk også mot ei opning av Sandskallen-Sørøya Nord med samme grunngeving, medan Hammerfest kommune i tillegg peikar på konsekvensane for sjøfugl. Norges Fiskerilag skreiv i si fråsegn at ingen område bør opnast for fornybar energiproduksjon til havs før konsekvensane for fiskeria er nærare kartlagde. Norges Kystfiskerilag fremja tilsvarande synspunkt.

Det vert fiska langs heile kysten av Noreg, også i alle utgreiingsområda NVE vurderte i den strategiske konsekvensutgreiinga. Vurderinga ved ei opning av område, og ved etterfølgjande konsesjonshandsaming, er i kva grad fiskeriaktivitet vert påverka av eventuelle vindparker.

Ei utfordring ved å førehandsvurdere verknadane for fiskeri er at det varierer frå år til år kor det er gunstige tilhøve for å drive fiske, då fiskeførekostane flyttar på seg. På eit overordna strategisk nivå, som er det nivået ein gjer vurderingane på ved ei strategisk konsekvensutgreiing, kan det vere tilhøve som ikkje vert tekne omsyn til som må vurderast i ei eventuell prosjektspesifikk utgreiing.

I Utsira Nord vart konsekvensane for fiskeri vurdert som små av Fiskeridirektoratet. Dette området er også mellom dei områda som har best mulegheiter for tilpassing, då det er stort i høve det mulege utbyggingspotensialet NVE har peika på i den strategiske konsekvensutgreiinga. For Sandskallen-Sørøya Nord vurderte Fiskeridirektoratet at konsekvensane for fiskeri var særleg store og rådde frå at området vert opna for etablering av vindkraft. NVE meinte likevel at det kan etablerast vindkraftverk og viste til at konsekvensane kan reduserast ved at berre delar av området takast i bruk.

Verknadane for fiskeri er eit naturleg tema for prosjektspesifikke utgreingar. Havenergilova fastset prinsipp og prosess for dekking av tap som vert påført fiskarar i Noreg som følgje av det vert lagt beslag på fiskefelt mv. Departementet føreslår i havenergilovforskrifta m.a. samansetjinga av nemnder for handsaming av krav og klage på handsaming av krav, og prinsipp for vurdering av prov.

4.5. Skipstrafikk

Skipstrafikk vil i stor grad måtte unngå område der det er etablert vindkraftverk. I den strategiske konsekvensutgreiinga har det vore lagt vekt på å unngå areal som er viktige for skipstrafikken. Likevel vil all utbygging av vindkraft til havs potensielt vere til ulempe for skipstrafikk.

I høyringa i 2013 skreiv Kystverket at Utsira Nord bør avgrensast i aust for å gje rom for skipstrafikk og ikkje presse denne nærare Utsira. Vidare meinte dei at området burde

avgrensast i sør for å gje rom for skipstrafikk inn og ut av fjordane og ikkje skape konflikt med aust/vest-gåande trafikk. Kystverket meinte at ein må vente ein betydeleg auke i skipstrafikken i Sandskallen-Sørøya Nord og at området burde avgrensast i vest og i aust for å redusere konfliktpotensialet. For Sørlege Nordsjø II peika Kystverket på at det bør sikrast korridorar og god framkomst dersom området opnast.

Departementet viser til at trafikkmønsteret til havs ikkje er statisk og at ein for ei konkret utbyggingssak må legge til grunn den mest oppdaterte kunnskapen om status og venta utvikling. Departementet meiner vidare at omsynet til skipstrafikk må handterast i dei prosjektspesifikke utgreiingane, og at avvegningane må takast som del av konsesjonshandsaminga.

4.6. Opning av fleire område

Departementet handsamar no opning av dei områda som er omtalte i dette høyringsnotatet; Utsira Nord, Sandskallen-Sørøya Nord og Sørlege Nordsjø II.

Departementet kan seinare vurdere om det er grunnlag for å opne fleire område. Dersom det vert aktuelt vil forslag om dette verte sendt på alminneleg høyring. Med mindre det i denne høyringa eller på annan måte vert klart at det er sterke argument for å vurdere andre område enn dei som vart vurderte i den strategiske konsekvensutgreiinga, vil departementet legge den gjennomførte strategiske konsekvensutgreiinga til grunn også framover.

Sjå også punkt 3 og 6.

5. Forskrift til havenergilova

Olje- og energidepartementet føreslår forskrift om fornybar energiproduksjon til havs (havenergiforskrifta). Utkastet til forskrift ligg i Vedlegg I.

Havenergilova gjev myndigheitene eit rammeverk for forvaltninga av dei fornybare energiresursane til havs. Lova opnar for fleire ulike tilnærmingar for tildeling av konsesjonar og regulering av aktivitet innan fornybar energiproduksjon. Difor er det føremålstenleg med meir detaljerte reguleringar i ei forskrift.

Regjeringa sin fornybarpolitikk er tufta på teknologinøytralitet og på at utbygging bør skje på marknadsmessige vilkår. I forskriftsutkastet er dette reflektert ved at det er lagt opp til ein stor grad av likskap mellom konsesjonsprosessane for vindkraft på land og vindkraft til havs.

Departementet har også lagt vekt på at prosessen fram mot eventuell tildeling av konsesjon skal vere effektiv, samstundes som han gjev rom for høyringar og utgreiingar som grunnlag for ei avgjerd i konsesjonsspørsmålet.

I kapittel 6-8 vil departementet gjere greie for utvalde tilhøve som er føreslått regulert i forskrifta.

6. Verkeområdet til havenergilova

Forslaget til forskrift legg opp til at havenergilova også regulerer arealdisponering innanfor grunnlinja med produksjon av fornybar energi som føremål. Arbeidet med å identifisere utgreiingsområde for vindkraft til havs, vurderte også alle havområda, jf. omtale over.

Konsesjonar som alt er gjevne etter energilova gjeld uavhengig av dette.

6.1. Arealforvaltning

Departementet føreslår at prinsippet i havenergilova § 2-2 om at område til havs må opnast av Kongen før det kan søkast konsesjon, vert utvida til å gjelde også innanfor grunnlinja, j.f. same lova § 1-2, sjuande ledd.

Departementet legg til grunn at både fordelane og negative verknadar for miljø og samfunn er likearta uavhengig av om eit produksjonsanlegg for fornybar energi vert etablert innanfor eller utanfor grunnlinja. Når anlegg nærmar seg land vil dei verte meir synlege og ha større påverknad på kystnært naturmangfald, men kan ha lågare kostnadar. Utvidinga av verkeområdet til havenergilova § 2-2 vil slik departementet ser det sikre ei heilskapleg og planmessig forvaltning av areal som kan nyttast til fornybar energi til havs.

Departementet føreslår i dette høyringsnotatet å opne områda Utsira Nord og Sandskallen-Sørøya Nord og ønsker innspel på området Sørlege Nordsjø II. Det kan verte aktuelt å opne fleire område på eit seinare tidspunkt. Det kan også verte aktuelt å vurdere område som ikkje har vore omfatta av den strategiske konsekvensutgreiinga.

Sjå også omtale i punkt 4.6.

6.2. Demonstrasjonsprosjekt

Det har vore ønska å opne område for fornybar energiproduksjon til havs mellom anna for å legge til rette for demonstrasjonsprosjekt. Særleg har det i denne samanheng vore peika på flytande vindkraft.

Prosjekt som er direkte tilknytt petroleumsverksemd kan, etter ei konkret vurdering, handsamast etter petroleumslova, medan demonstrasjonsprosjekt elles må søke om konsesjon etter havenergilova og den føreslegne forskrifta.

Havenergilova opnar for å gje unntak frå regelen om opning av område i "særskilte tilfelle" , jf. § 2-2 fjerde ledd. Førearbeida peikar på at unntaket for slike prosjekt må forståast snevert, og det er eit tolkingsspørsmål kor stort eit demonstrasjonsprosjekt kan vere før det må handsamast etter lova sin hovudregel om opning av område (Ot.prp.nr.107 (2008-2009)). Departementet føreslår ei eiga føresegn i forskrifta om forenkla handsaming av demonstrasjonsprosjekt.

Departementet legg til grunn at vurderingstema for demonstrasjonsprosjekt er om verknaden for miljø og samfunn er på nivå med anlegg i kommersiell skala. Dersom opninga av område vert gjennomført slik departementet føreslår legg departementet til grunn at aktørar som ønsker å demonstrere fornybar produksjonsteknologi i eit større anlegg søker konsesjon innanfor eit opna område.

7. Konsesjonsprosessen

Forslaget til forskrift klargjer prosessen for handsaming av søknadar om konsesjonar. Mellom dei viktige omsyna som ligg til grunn for departementet sitt forslag har vore ein likskap med konsesjonsprosessen for vindkraft på land, som samstundes tek omsyn til særtekkja ved energiprojekt som utviklast til havs.

Bortsett frå dei tekniske skilnadane mellom vindkraftverk på land og til havs, er ein sentral skilnad at det ikkje er privat eigedomsrett til havs. Utbyggjarar på land må ha ein avtale om bruk av areal med ein grunneigar før dei søker konsesjon. Til havs vil staten avgjere kven som har rett til ulike typar arealbruk, i tillegg til å vurdere konsesjonsspørsmålet. I motsetnad

til på land, ligg det også allereie føre ei strategisk konsekvensutgreiing av arealet som har vorte opna etter havenergilova.

7.1. Melding med framlegg til prosjektspesifikk konsekvensutgreiing, konsesjonssøknad og detaljplan

I forslaget til forskrift vert det lagt opp til ein konsesjonsprosess som startar med at prosjektutviklar sender inn ei melding med forslag til program for prosjektspesifikk konsekvensutgreiing. Programmet for prosjektspesifikk konsekvensutgreiing vert sendt på høyring.

Dersom departementet fastset programmet for prosjektspesifikk konsekvensutgreiing, gjeld dette for ein spesifisert del av eit opna område. Departementet kan endre området i samband med fastsetjing av program for prosjektspesifikk konsekvensutgreiing. I forskrifta er slike område definert som prosjektområde. Tiltakshavar vil ha to år på å sende inn konsesjonssøknad etter at programmet for prosjektspesifikk konsekvensutgreiing har vorte fastsett.

Departementet har lagt til grunn at det er kostbart å utvikle eit prosjekt for produksjon av fornybar energi til havs, særleg å gjere undersøkingar i samband med den prosjektspesifikke konsekvensutgreiinga. Departementet legg difor opp til at det ikkje er muleg å sende inn ei melding med forslag til prosjektspesifikk konsekvensutgreiing innanfor eit område der ein annan aktør allereie har fått fastsett eit prosjektspesifikt konsekvensutgreiingsprogram.

Myndigheitene kan ha behov for styring med eventuelle meldingar i dei opna områda. Det kan til dømes kome fleire meldingar i same tidsrom eller i nærliggande område. Det kan vere naudsynt å sjå slike meldingar i samanheng og kunne ha kontroll med kva for meldingar og område ein skal gå vidare med. Det går difor fram av forskrifta at departementet kan fastsette utgreiingsprogrammet. Dette inneber at departementet ikkje har plikt til å godkjenne eit utgreiingsprogram sjølv om det ikkje er noko i vegen med meldinga eller programmet i seg sjølv. Departementet vil i samband med ei fastsetjing av utgreiingsprogrammet også kunne fastsette nærare kva for område som skal konsekvensutgreiast og kor det ikkje vil vere muleg for andre å sende inn melding. Departementet må også kunne la ei melding ligge ei tid for å kunne sjå ulike initiativ i samanheng.

Dersom det vert levert ein konsesjonssøknad innan fristen, vil departementet handsame denne og eventuelt gje konsesjon.

Etter at det er gjeve konsesjon må det sendast inn ein detaljplan innan to år. Etter godkjend detaljplan må anlegget byggast innan tre år. I forslaget til forskrift vert det lagt opp til at det kan stillast vilkår i samband med konsesjonsvedtak, detaljplan og andre vedtak etter forskrifta.

7.2. Handsamingsgebyr

Til skilnad frå på land ligg retten til å utnytte energiresursane til havs til staten, og dei som får konsesjon til å drive fornybar energiproduksjon til havs vil få ein eksklusiv rett til å drive den typen aktivitet på eit areal.

Førebels ser ikkje departementet at det er grunn til å tru at det vil vere stor konkurranse om areal. Dersom det seinare vert utsikter til dette, til dømes fordi lønsemda vert vesentleg betra, vil departementet vurdere om det kan innførast eit element av konkurranse i konsesjonsprosessen for å avdekke betalingsviljen til aktørane for å få tilgang på areal og samstundes sørge for at fellesskapen får del i eventuell grunnrente. Dette kan i så fall

gjennomførast gjennom innføring av ei arealavgift. Departementet legg ikkje opp til å innføre ei slik avgift no.

Departementet føreslår likevel å innføre eit sakshandsamingsgebyr på 100 000 kroner for handsaming av melding med forslag til program for prosjektspesifikk konsekvensutgreiing. Departementet meiner det er rimeleg at aktørane er med på å dekke delar av dei administrative kostnadane staten vil ha med å handsame eventuelle meldingar. Dersom departementet fastset utgreiingsprogrammet gjev det også ein eksklusiv rett til å planlegge fornybar energiproduksjon på eit areal, og ei avgift vil bidra til å identifisere søkarar som har konkrete planar om utbygging.

Etter departementet sitt syn er nivået på 100 000 kroner i pakt med Finansdepartementet sitt rundskriv R-112/15 om statleg gebyr- og avgiftsfinansiering. Eit viktig omsyn i rundskrivet er at nivået på eit gebyr ikkje må overstige dei gjennomsnittlege kostnadane staten har med å handsame meldinga og godkjenne programmet for prosjektspesifikk konsekvensutgreiing. Nivået tilsvarar ei arbeidsmengd på fem arbeidsveker. Nivået på 100 000 kroner er om lag det same nivået som handsamingsgebyret for utvinningsløyver etter petroleumsløva.

8. Tilknytning til nettet

I hovudsak vil vindkraft til havs verte knytt til nettet på land gjennom såkalla produksjonsradialar. Havvindparker kan òg knytast til petroleumsinstallasjonar, med eller utan tilknytingsradial til land. Radialar er nettanlegg der hovudfunksjonen er å tene ein enkelt eller ei gruppe aktørar.

Skal havbasert vindkraft byggast ut hovudsakleg med tanke på eksport av krafta, er det muleg å bygge radialar direkte til utlandet. Dersom krafta vert ført direkte til utlandet, vil det gje mindre behov for innanlandske nettinvesteringar enn ved produksjonsradialar til Noreg eller havvind tilknytt utanlandskablar ("hybrid-prosjekt"). Dette krev i så fall ein konsesjon etter havenergiløva § 8-1.

Anlegg for produksjon, omforming, overføring og fordeling av elektrisk energi innanfor grunnlinjene kan ikkje byggast, eigast eller drivast utan konsesjon etter energiløva. Dette tyder at et produksjonsanlegg som har konsesjon etter havenergiløva også må ha konsesjon etter energiløva dersom anlegget skal knytast til nettet i Noreg. Myndet til å gjere vedtak om anleggskonsesjon er delegert til NVE, unnateke for nye store kraftleidningar lenger enn 20 kilometer på spenningsnivå frå 300 kV og oppover, der vedtak vert gjort av Kongen i Statsråd.

Statnett SF er systemansvarleg føretak innanfor grunnlinja og eig i all hovudsak transmisjonsnettet i Noreg. Utanlandskablar er òg ein del av det norske transmisjonsnettet, og alle større utanlandskablar frå Noreg er eigd av Statnett. Inntekter og utgifter inngår i grunnlaget for transmisjonsnettтарiffen. Kostnadane som kan førast vidare til kundane er regulert av NVE. Inntekter frå utanlandskablar bidreg til å redusere tariffen til kundane i transmisjonsnettet.

Så lenge eventuelle vindparker vert knytt til land gjennom radialar, vil disse vere å rekne som ordinære tilknytingslinjer for produksjon. På same måte som for en produsent på land inneber dette at Statnett vil kunne fastsette vilkår i tråd med systemansvaret i tilknytingspunktet. Produsenten må også forhalde seg til det lokale nettselskapet der produksjonen vert tilknytt. Slik har Statnett ei klar rolle ved tilknytning av havvindparker. Tilknytingsradialane til havvindparker vil i hovudsak berre ha ein eller eit fåtal brukarar. Radialane vil då vere å sjå som sokalla kundespesifikke anlegg. Slike anlegg inngår ikkje i

transmisjonsnettet. Departementet meiner derfor, i tråd med førearbeida til havenergilova, at det ikkje er naudsynt å peike ut ein systemansvarleg til havs i forskrifta no.

Departementet legg til grunn at radialane til havs vert eigd av produsentane, og at investeringskostnadane på land knytt til tilknytning av vindparker vert dekt gjennom anleggsbidrag.

Departementet peikar på at aktørar som planlegg å søke konsesjon til fornybar energiproduksjon til havs bør ha ein god dialog med relevant netteigar på land tidleg i prosessen.

Departementet peikar også på at det etter havenergilova § 3-4 kan setjast vilkår i konsesjon eller detaljplan om tilrettelegging for eller tilkopling til andre anlegg eller system.

9. Tilhøvet til anna regelverk og internasjonale avtalar

9.1. Pant

Departementet fekk i innspelsmøtet 20. juni 2018 innspel om at lovverket ikkje legg til rette for finansiering av energiprojekt til havs gjennom pant i løyver, innretningar eller kablar.

Departementet erkjenner at eit slikt register for registrering av eignelutar tilknytt produksjonsanlegg til havs kunne vore føremålstenleg, og konstaterer at det finst eit liknande register for olje- og gassverksemda.

Havenergilova gjev ikkje heimel for å opprette eit register over eignedelar i anlegg for fornybar energiproduksjon til havs, og departementet har difor ikkje vurdert dette nærare i arbeidet med forskrift til havenergilova.

Departementet tek gjerne innspel på dette spørsmålet i høyringa.

9.2. Tryggleik, mv.

Samanlikna med fornybar energiproduksjon på land, medfører etablering av fornybar energiproduksjon til havs nye utfordringar knytt til tryggleik. Etablering og drift av store installasjonar vil på den andre sida ha mange likskapar med olje- og gassverksemda på dette punktet.

Departementet meiner det ikkje er føremålstenleg å bygge opp kompetanse om tryggleik til havs i andre statlege organisasjonar enn dei som har denne kompetansen i dag.

Tryggleiksregimet for olje- og gassverksemda har lang tradisjon og norske aktørar og styresmakter har god kompetanse når det gjeld trygg industriell verksemd til havs. Petroleumstilsynet spelar ei sentral rolle som tilsynsmyndigheit for tryggleik innan petroleumsværksemda. Departementet meiner reguleringa av tryggleik må bygge på røyntslene frå olje- og gassverksemda, men vere tilpassa at fornybar energiproduksjon er annleis på vesentlege punkt.

Olje- og energidepartementet har stadfesta for Arbeids- og sosialdepartementet at Petroleumstilsynet vil få ansvaret for tilsyn med tryggleik mv. for prosjektet "Hywind Tampen," dersom Equinor realiserer prosjektet. Dette prosjektet vil handsamast etter petroleumsløva grunna den tette koplinga til petroleumsværksemd.

Det er naturleg at Petroleumstilsynet også får det generelle ansvaret for å drive tilsyn og utvikle detaljert tryggleiksregelverk for fornybar energiproduksjon til havs

På bakgrunn av dette tek Olje- og energidepartementet sikte på å overføre myndet for tryggleik mv. som følgjer av kapittel 5 i havenergilova til Arbeids- og sosialdepartementet.

Myndet for merking og andre tiltak av omsyn til navigering (havenergilova § 5-2) er overført til Samferdsledepartementet. Samferdsledepartementet fastsette 1. januar 2017 *forskrift om merking av og etablering av sikkerhetssoner tilknyttet innretning for fornybar energiproduksjon*.

Havenergilovforskrifta omtalar difor ikkje tryggleik mv.

9.3. Espoo

Av Konvensjon om konsekvensutgreiingar for tiltak som kan ha grenseoverskridande miljøverknader (Espoo-konvensjonen) av 25. februar 1991, følgjer det at dersom nabostatar kan verte påverka av negative miljøverknader av tiltak i Noreg, skal det utarbeidast konsekvensutgreiing (artikkel 2) og nabolandet skal varslast (artikkel 3) og konsulterast (artikkel 5).

Departementet legg til grunn at konsesjonsprosessen det vert lagt opp til gjennom lov og forskrift tilfredsstillar krava i artikkel 2 i Espoo-konvensjonen. Departementet vil syte for konsultasjon med naboland etter artikkel 5 samstundes som forslaget om opning er på høyring, og for konkrete prosjekt som del av konsesjonshandsaminga.

9.4. OSPAR

Konvensjon om vern av det marine miljø i det nordaustlege Atlanterhavet av 22. september 1992 (OSPAR) har som føremål å verne havområdet mot skadelege effektar av menneskeleg aktivitet, verne om menneskeleg helse, bevare marine økosystem og å gjenopprette marine område som er vortne skadde der dette er praktisk mogleg. Konvensjonen regulerer forureining av det marine miljøet frå både landbaserte kjelder, petroleumsvirksemd til havs og dumping, og ivaretaking av marint naturmangfald.

Utsira Nord og Sørlege Nordsjø ligg begge innanfor regionen som i OSPAR-samanheng heiter Greater North Sea.

OSPAR har vedteke eigne retningslinjer for vurdering av miljøverknader av vindkraft til havs (nr. 3 2008). Desse retningslinjene har vore førande for korleis lova og forslaget til forskrift er utvikla med tanke på mellom anna arealvurderingar, konsekvensutgreiingar, konsesjonshandsaming og nedlegging av energianlegg. Departementet legg til grunn at retningslinjene er følgd gjennom havenergilova og forslaget til forskrift, og vil verte oppfylt gjennom den konkrete sakshandsaminga i konsesjonssaker.

10. Økonomiske og administrative konsekvensar

Ei opning av område og fastsetjing av forskrift til havenergilova kan ventast å gje opphav til søknadar om konsesjon til fornybar energiproduksjon til havs. Det vert lagt til grunn at kostnadane til sakshandsaming vert dekte innanfor energimyndigheitene sine budsjett, og delvis dekt av sakshandsamingsgebyret føreslått i kap. 7.2.

Det vil vere kostnadar knytt til oppretting og drift av nemnd for handsaming av krav om erstatning til fiskarar og klagenemnda for denne. Staten kan også måtte betale skadebot til fiskarar som følgje av handsaminga av krav om erstatning, jf. havenergilova § 9-2. Det er ikkje muleg å fastslå kor store kostnadar dette kan medføre. Departementet meiner gode prosjektspesifikke konsekvensutgreiingar og konsesjonshandsaminga må redusere sannsynet for at fiske vert gjort umuleg, jf. havenergilova § 9-2.

11. Om høyringa og vidare arbeid

Departementet ber om at høyringsinstansane sine merknadar og innspel sendast elektronisk til postmottak@oed.dep.no innan 1. november 2019.

Alle er velkomne til å gje uttale i høyringa. Vi har sendt brev til dei som tidlegare har uttala seg i saka.

11.1. Vidare arbeid

Etter at høyringa er avslutta vil Olje- og energidepartementet legge fram for Kongen eit forslag til kongeleg resolusjon om opning av område og forskrift til havenergilova.

Vedlegg I

Forslag til forskrift til lov om fornybar energiproduksjon til havs

(havenergilovforskrifta)

Heimel: Fastsett ved Kgl. Res. av [dato] med heimel i lov av 4. 2010 nr. 21 om fornybar energiproduksjon til havs (havenergilova) § 1-2, § 2-1, § 2-2, § 3-3, § 3-4, § 3-5, § 4-1, § 5-1, § 5-2, § 6-1, § 9-5, § 10-2, § 10-4 og § 10-10. Fremja av Olje- og energidepartementet.

Kapittel 1 – Innleiande føresegner

§ 1. Verkeområde

Denne forskrifta gjeld fornybar energiproduksjon, omforming og overføring av elektrisk energi, som nemnd i havenergilova § 1-2.

For havområde innafor grunnlinja gjeld havenergilova § 2-2, kapittel 5 - 6 og kapittel 9 - 10.

Havenergilova § 8-1 gjeld ikkje for innførsel og utførsel av elektrisk energi som er tilknytt kraftsystemet i Noreg.

For demonstrasjonsprosjekt gjeld denne forskrifta § 12.

§ 2. Definisjonar

- a. Med *prosjektspesifikk konsekvensutgreiing* er meint konsekvensutgreiing for det aktuelle energianlegget og som har som føremål å avdekke relevante fordelar og ulemper ved eit energianlegg før etablering, og vurdere verknadane av ei eventuell utbygging.
- b. Med *prosjektområde* er meint et spesifisert avgrensa geografisk område innanfor eit område som er opna etter havenergilova § 2-2, der eit føretak som nemnt i havenergilova § 3-5, har fått fastsett utgreiingsprogram eller konsesjon til utvikling av eit energianlegg.
- c. Med *melding* er meint varsel av eit planlagt tiltak, der tiltakshavar skildrar tiltaket og lokalisering innanfor eit opna område og legg fram framlegg til utgreiingsprogram
- d. Med *demonstrasjonsprosjekt* er meint mindre anlegg for produksjon av fornybar energi, der formålet er å teste ut ny teknologi, nye konsept eller andre former for utprøving eller verifisering der ikkje energiproduksjonen i seg sjølv er hovudformålet

Kapittel 2 – Melding, prosjektspesifikk konsekvensutgreiing, konsesjon og detaljplan

§ 3. Melding med framlegg til prosjektspesifikt utgreiingsprogram

Dersom ein juridisk person som oppfyller krava i havenergilova § 3-5 ønsker å søke om konsesjon til et energianlegg, skal det fyrst sendast inn ei melding til departementet, med framlegg til eit prosjektspesifikt utgreiingsprogram.

§ 4. Utgreiingsprogram

Ei melding med framlegg til prosjektspesifikt utgreiingsprogram skal innehalde ei skildring av:

- a) energianlegget, aktuelle utbyggingsløyningar, prosjektområdet og, på bakgrunn av tilgjengeleg kunnskap, moglege verknadar for andre næringar, miljø og samfunn.
- b) tilhøve som skal utgreiast og kva metodar som skal nyttast
- c) opplysingar om verksemda til den som søker,

Departementet kan krevje tilleggsopplysingar.

Departementet sender framlegg til prosjektspesifikt utgreiingsprogram på høyring til relevante myndigheter og interesseorganisasjonar, og gjer framlegget tilgjengeleg for offentlegheita på internett. Det skal setjast ein rimeleg frist for fråsegner, som ikkje bør være kortare enn 6 veker.

Departementet kan fastsetje utgreiingsprogrammet på bakgrunn av framlegget og innkomne høyringsfråsegner.

I eit tidsrom på to år etter at eit prosjektspesifikt utgreiingsprogram er fastsett, kan det ikkje takast til handsaming andre meldingar om tilsvarende energianlegg etter havenergilova, for prosjektområdet det fastsette utgreiingsprogrammet gjeld.

§ 5. Handsamingsgebyr

For handsaming av kvar melding med utgreiingsprogram, skal det betalast eit gebyr på kr (100 000), som innbetalast staten ved Noregs vassdrags- og energidirektorat.

Dersom gebyr ikkje er betalt inn, vil meldinga ikkje verte handsama.

Departementet kan endre gebyret i fyrste ledd.

§ 6. Innhaldet i prosjektspesifikk konsekvensutgreiing

Den prosjektspesifikke konsekvensutgreiinga skal tilpassast omfanget på energianlegget og i kva grad ein kan seie at energianlegget er omfatta av tidlegare konsekvensutgreiingar for prosjektområdet. For energiprojekt som også skal konsekvensutgreiast etter energilova, kan det utarbeidast felles konsekvensutgreiing.

Innhaldet i ei prosjektspesifikk konsekvensutgreiing skal i naudsynt grad mellom anna omfatte;

- a) At det vert gjort greie for energianlegget, med minst desse punkta:
 - i. ei skildring av alternative utbyggingar som søkar har undersøkt og ei grunngeving av val av utbyggingsløyning og prosjektområde, gjere greie for

- kriteria for val som er gjort, og tilknytning til nettanlegg og eventuell samordning med petroleumsverksemd,
- ii. ei vurdering av kva løyver, godkjenningar eller samtykker det skal søkast om etter elles gjeldande lovgjeving,
 - iii. ei skildring av planlagde tekniske løysingar,
 - iv. ein tidsplan for gjennomføringa,
 - v. ei skildring av tiltak ved nedlegginga av energianlegget.
- b) ei skildring av og vurdering av verknaden energianlegget kan ha for miljø og samfunn, med minst desse punkta;
- i. den noverande miljøtilstanden og eit oversyn over korleis miljøet truleg vil utvikle seg dersom planen ikkje vert gjennomført,
 - ii. ei skildring av ureining til sjø, luft og jord,
 - iii. botntilhøve,
 - iv. transportbehov, energiforbruk og energiløysingar,
 - v. kulturminne, kulturmiljø og landskap,
 - vi. påverknad på fugl, fisk, naturtypar og anna naturmangfald,
 - vii. fiskerinæring og annen næringsverksemd,
 - viii. samisk natur og kulturgrunnlag,
 - ix. risiko for ulukker og vernebuing,
 - x. klargjere korleis miljøkriterium og -konsekvensar har vore lagt til grunn for dei løysingane som er valde,
 - xi. beskrive tiltak for å redusere negative miljøverknadar.

Det skal kort gjerast greie for datagrunnlaget og metodane som er nytta for å skildre verknadar, og eventuelle faglege eller tekniske problem ved innsamling og bruk av data og metodar.

Dersom planen eller søknaden omfattar fleire alternative løysingar skal det gjerast greie for konsekvensar desse vil kunne ha for miljø og samfunn, og ei grunngjeving for forslagsstillar sitt alternativ.

Departementet kan krevje ytterlegare utgreiingar og informasjon.

§ 7. Søknad om konsesjon

Innan to år etter at departementet har fastsett utgreiingsprogram for eit prosjektområde, skal den som har søkt om fastsetjing av utgreiingsprogrammet, sende inn søknad om konsesjon til departementet eller den departementet bestemmer. Den prosjektspesifikke konsekvensutgreiinga skal leggest ved søknaden.

Søknaden skal innehalde opplysingar om:

- a) søkaren, søkaren si verksemd, eigartilhøve og finansielle kapasitet. Dersom søknaden omfattar fleire søkarar, skal alle namn, adresser og nasjonalitetar gjevast opp.
- b) kven i Noreg som skal vere representant andsynes departementet,
- c) kva for område det vert søkt konsesjon for,
- d) om det også vert søkt konsesjon etter energilova, t.d. for tilknytning av energianlegget til kraftnettet på land,

- e) ei skildring av det planlagde prosjektet:
- estimert installert yting,
 - estimert årsproduksjon,
 - løysing for tilknytning til kraftnett,
 - kostnadsoverslag,
 - vurdering av lønsemda i prosjektet
 - potensialet for konflikt med andre interesse

Departementet kan fråvike krava til innhald i søknaden etter fyrste ledd eller krevje ytterlegare opplysingar.

Departementet sender konsesjonssøknaden med prosjektspesifikt utgreiing på høyring til relevante myndigheter og interesseorganisasjonar, og gjer dette tilgjengeleg for offentlegheita på internett. Det skal setjast ein rimeleg frist for fråsegner, som ikkje bør være kortare enn 6 veker.

§ 8. Vedtak om konsesjon for energianlegg

Departementet gjer vedtak om tildeling av konsesjon og godkjenning av prosjektspesifikk konsekvensutgreiing etter havenergilova § 3-1 og § 3-2 på bakgrunn av søknad om konsesjon og konsekvensutgreiing for energianlegg. Konsesjon kan gjevast for inntil 30 år, og kan forlengast etter søknad frå konsesjonæren.

§ 9. Søknad om godkjenning av detaljplan

Søknad om godkjenning av detaljplan sendast NVE innan 2 år etter vedtak om konsesjon.

Søknad om godkjenning av detaljplan skal innehalde dei krav som følgjer av konsesjonen, og elles skildre den planlagde oppføringa av energianlegget og skal gjere greie for økonomiske, ressursmessige, tekniske, miljø- og tryggleiksmessige tilhøve ved utbygging og drift av energianlegget. NVE kan krevje alternative løysingar utgreidd. Detaljplanen skal minste innehalde følgjande:

- a) planlagd tidspunkt for starten på byggearbeid og ferdigstilling av energianlegget,
- b) teknisk skildring av utbygginga,
- c) ei skildring av planlagd drift og finansiering av energianlegget,
- d) plan for nedlegging og fjerning av energianlegget,
- e) endringar i dokumentasjonen som vart brukt for å søke konsesjon.

NVE kan krevje ytterlegare informasjon.

§ 10. Vedtak om godkjenning av detaljplan for utbygging og drift av energianlegg

NVE gjer vedtak om godkjenning av detaljplan. NVE skal grunngje vedtaket. I grunngjevinga skal det komme fram kva miljøvilkår som er knytt til godkjenninga og eventuelle føresetnadar om tiltak som skal redusere negative miljøverknadar.

Endringar eller avvik frå detaljplanen skal meldast til NVE. NVE kan krevje søknad om endra detaljplan.

NVE skal godkjenne detaljplanen for utbygging og drift av energianlegget før arbeidet med bygging av energianlegget tek til.

Energianlegget skal setjast i drift innan 3 år etter vedtak om godkjent detaljplan for utbygging og drift av energianlegget. Eit anlegg er sett i drift når elektrisitet er produsert og transportert ut av prosjektområdet.

§ 11. Forlenging av fristar

Den som har konsesjon kan søke departementet om forlenging av fristar som følgjer av §§ 7 fyrste ledd, 9 fyrste ledd og 10 siste ledd. Fristar kan forlengast med inntil 2 år.

Brot på fristar kan føre til bortfall av godkjenning av melding med prosjektspesifikt utgreiingsprogram, konsesjon eller detaljplan.

§ 12. Demonstrasjonsprosjekt

Følgande føresegner i havenergilova gjeld ikkje for demonstrasjonsprosjekt:

- § 2-2 om opning av areal, jf. § 2-2 fjerde og femte ledd.
- § 3-1 andre ledd om detaljplan, jf. andre ledd siste setning.
- § 4-1 om melding med framlegg til utgreiingsprogram, jf. § 3-1 tredje ledd og § 4-1 tredje ledd.

Konsesjonssøknad om demonstrasjonsprosjekt etter havenergilova § 3-1 kan sendast departementet utan å vere meldt fyrst. Paragrafane 6 og 7 i denne forskrifta gjeld så langt dei passar for utforming av søknad etter denne fråsegna. Departementet kan setje vilkår for godkjenning av demonstrasjonsprosjekt, så som å i det einskilde høve setje krav om detaljplan etter § 9.

Kapittel 3 – Erstatning til fiskarar

§ 13. Nemnd for handsaming av krav

Krav etter havenergilova § 9-2, som følgje av bandlegging av fiskefelt, vert handsama av ei nemnd som er samansett av ein representant for Fiskeridirektoratet, ein representant frå NVE og eitt medlem som fyller kvalifikasjonane til dommar, jf. lov av 13. august 1915 nr. 5 § 53 og § 54.

Nemnda skal handsame krav etter havenergilova § 9-2 innan fire månader frå det tidspunktet kravet kom fram til nemnda sitt sekretariat, jf. 18. I særlege tilfelle kan nemnda forlenge sakshandsamingstida.

Krav som følgje av forureining og avfall etter loven § 9-3 og innretningar som gjer skade etter loven § 9-4, handsamast av en nemnd samansett av ein representant for fiskeriorganisasjonane, ein representant for selskap med konsesjon etter havenergilova § 3-5 og eit medlem som fyller kvalifikasjonane til dommar, jf. lov av 13. august 1915 nr. 5 § 53 og § 54.

Medlemmen med dommarkompetanse er nemnda si leier.

Nemnda tek avgjerd ved fleirtallsvedtak.

§ 14. Klagenemnd

Vedtak gjort av nemnd for handsaming av krav jf. § 13, kan klagast på innan 2 månadar til ei klagenemnd som er samansett av ein representant kvar frå høvesvis Fiskeridirektoratet, Noregs vassdrags- og energidirektorat, fiskeriorganisasjonane, selskap med løyve etter havenergilova § 3-5 og eitt medlem som fyller krava til dommar.

§ 13 fjerde og femte ledd gjeld tilsvarande.

§ 15. Oppnemning av nemnd og klagenemnd

Nemndene omtala i §§ 13 og 14 vert oppnemnde av Kongen for to år av gangen. Det oppnemnast ein varamedlem for kvar medlem.

§ 16. Bevisvurdering ved solidaransvar

Ved bevisvurdering etter regelen om solidaransvar etter havenergilova § 9-3 sjette ledd skal det særleg leggast vekt på:

- a) kva gjenstand som har gjort skaden, om dette kan bringast på det reine,
- b) posisjon for skadehendinga (prosjektområde eller supplybåtrute),
- c) skaden eller typen skade,
- d) forløpet til skadehendinga,
- e) røynsle frå tidlegare fiske i området.

§ 17. Framsetjing av krav

Krav om erstatning vert fremja på nærare fastsett skjema og sendast via Fiskeridirektoratet sine regionkontor til nemnda sitt sekretariat.

§ 18. Sekretariat

Sekretariatet for nemndene vert lagt til Fiskeridirektoratet.

Kapittel 4 – Ymse føresegner

§ 19. Vilkår

Departementet kan sette vilkår i vedtak etter denne forskrifta, av omsyn til allmenne eller private interesser.

§ 20. Meteorologiske data

Konsesjonær skal sørge for at produksjonsanlegg vert utstyrte med instrument for registrering av data om meteorologi etter tilråding frå Meteorologisk institutt. Data skal sendast fortløpande til Meteorologisk institutt og gjerast offentleg tilgjengeleg. Dersom konsesjonær og Meteorologisk institutt ikkje vert samde, kan NVE gi pålegg.

§ 21. Kontroll

NVE fører kontroll med at reglar eller vedtak gitt i eller i medhald av denne forskrifta vert overhaldne i medhald av havenergilova § 10-5.

NVE kan gje pålegg om retting av tilhøve som er i strid med lova eller vedtak gjort i medhald av lova.

Den som har rettar og konsesjonæren skal medverke til gjennomføring av kontroll. Dette omfattar mellom anna å skaffe opplysingar og dokumentasjon som er naudsynt for å gjennomføre kontrollen.

Representantar frå NVE eller annen myndighet, skal til ei kvar tid ha tilgong til fartøy og innretningar for energianlegget, samt til føreliggande data og materiale som er naudsynt for gjennomføring av tilsynsverksemd. Representantane skal også ha rett til å delta i undersøkingar. Representantar for myndigheitene har rett til å opphalde seg på fartøy og innretningar så lenge det er naudsynt. Den som har rettar og konsesjonær skal sørge for transport av representantar for myndighetene til og frå fartøy og innretningar, og for opphald om bord.

§ 22. Tvangsmulkt

NVE kan gjere vedtak om tvangsmulkt for å sikre at ei plikt som følgjer av eller i medhald av denne forskrifta eller vilkår som er sette for vedtak i eller i medhald av denne lova, vert oppfylte, i medhald av havenergilova § 10-6.

Tvangsmulka kan fastsetjast som ei fortløpande mulkt eller som ein eingongssum. Tvangsmulka tilfell statskassa. Pålagd tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg.

§ 23. Tilbaketrekking

I medhald av havenergilova § 10-7 kan departementet trekke tilbake konsesjon eller andre godkjenningar gjeve i medhald av denne forskrifta.

Kapittel 5 – Ikraftsetjing

Vedlegg II – NVE si strategiske konsekvensutgreiing

NVE si strategiske konsekvensutgreiing frå 2012 kan hentast frå denne lenka:

http://publikasjoner.nve.no/rapport/2012/rapport2012_47.pdf

Vedlegg III – NVE si vurdering frå 2018

NVE si vurdering er tilgjengeleg via denne lenka:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/856bdd85577c4084bb9dd415e6e45483/svar-pa-oppdrag-om-apning-av-omrader-for-vindkraft-til-havs.pdf>

Vedlegg IV – Kart



